

Doktor Haugen slik du minnest han 25.

30.12.2014



Flis i fingeren.

Hjørdis på San`en har er ei av mange som har artige minne om dr. Haugen. Her kjem eitt av dei.

Hjørdis fortel om ein gong mannen hennar, Harald Nilsen, hadde fått ei stygg flis i fingeren. Dei var eit ærend til Løfallstrand og på heimvegen stakk dei oppom på lækjarkontoret i Rosendal. Då dei kom, låg doktoren oppe og kvilte, men det varte ikkje lenge før han var på plass på kontoret klar til å hjelpa.

Doktoren tok fram kniven og førebudde seg på å skjera. Då Harald såg dette, sprang han på dør medan Hjørdis vart sitjande igjen på kontoret.

- Vel, vi kan jo ikke gjøre noe med voksne folk, sa dotoren, og dermed reiste Harald og Hjørdis heim til San`en.

Det høyrer med til historia at Hjørdis stelte i stand grønsåpevatn, og det gjekk fint med flisfingeren til Harald.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003